

Om formidling av den maritime kulturarven

Bakgrunn:

Det er gjennom 40 år investert stor frivillig innsats og store offentlege middel i å ta vare på gamle fartøy som representerer viktige og ulike sider av samfunnsutviklinga. Når vi har teke vare på denne del av kulturarven er det viktig at han óg vert nytta til å formidle historia som dei ulike fartøya er ein del av.

Båtane er både kulturminner i seg sjølv og samstundes gode og mobile arenaer for historieforteljing og –oppleving, frå segljakter til rutedampskip og ferjer. Dei kan nyttast både ved lokale arrangement og kulturdagar til tematurar i samarbeid med kulturinstitusjonar og frivillige kulturminnelag.

For å få dette til, vil vi gjere framlegg om oppretting av ein ny funksjon i den fylkeskommunale kulturadministrasjonen som koordinator og kontaktskapar mellom de mange aktørane i det maritime og lokale kulturminnevernet, både offentlige og frivillige.

Vi ser for oss et "Prosjekt Sjøvegen" som rettar seg mot formidling av historia om liv, arbeid og samferdsel i det vidgreinte Hordaland i eit maritimt perspektiv som var slik folk opplevde verda like fram til 1950/60-talet.

Sjøvegen

Mål: Legge til rette for formidling av historie og kulturarv gjennom maritime kulturminner.
Formidle historia om utvikling og endring av by- og bygdesamfunn gjennom 200 år ved bruk av sjøvegen og knytt til maritime kulturminner.

Tenkt som ei stilling i kulturminnevernet i Hordaland med ansvar for å samordne og koordinere ressursane i

- fartøyvern
- maritime kulturmiljø, industrielle kulturminner mv.
- kunnskap og ressurspersonar i offentlige institusjonar og det frivillige kulturminnevernet.

Sentralt i forteljinga står *det maritime kulturlandskapet* som femner om fjordbygder, sjøbruk, handel, samferdsel og industrireiseing, med båten (jakta, rutebåten, fiskekutteren, fraktebåten, agentbåten, ferja mv) som bind det heile saman. Det vil gå ei fagleg avgrensing mot Kystsogevøkene.

Denne koordinatoren vil kunne knyte saman t d fartøy med sogelag eller museum i formidlingsopplegg, anten tematisk opplagte turar eller som undervisingopplegg mot skular og institusjonar.

Visjon: å etablere Sjøvegen som eiga stifting (som Kystsogevøkene), gjerne med kommunane i Hordaland som medstiftarar saman med fartøylag og regionale muséer.

Bergen 13.03.2018